# Eit verdfullt tiklöver:
# Heimegrendi - Hordaland - Fedrelandet.

## 1. Heimegrendi.

Du stig or minnedjupet, som gyllne sky av hav
mi födebygd - med fjell og höge tindar -
der soli gyller toppane, og langsamt bleiknar av
mot lid og dål og grend med låge tindar
der elvar renn so stille ell' gjeng i kvite foss,
og gauken gjel i lidi og måltrost syng for oss
med blomar vaggar i dei mjuke vindar.

— · —

I denne fagre bygdi eg fyrst såg dagsens ljos
Her far og mor på armen hev meg bore -
Med sysken glad eg leika i stova, tun og fjos -
I skogen hev eg selje fløyter skore - !
Eg vart so hjartans glad i mi vakre heimegrend
der i frå fjord til fjelltopp eg allestad vart kjend
- frå skulebenk og opp til kyrkje kore. - !

— · —

Med åri fekk eg sjå meg litt vidare i kring
i nord og sud - langs gamle Noregs strender,
Med båt og bil og bana eg gjorde mang ein sving -
Såg vene byar - mange gilde grender -
Men aldri såg eg fagrare fjord og dal og fjell
Slik morgensol i gull og slikt solefall om kveld
som i mi heimbygd - kvar eg auga vender - !

— · —

Eg ofte lengtar heim, når ikring eg ute fer, og heimegrendi stig
for tanken klåre - Dei gamle kjendestader so tydeleg eg ser
Og minni kjem - dei gilde og dei såre. Eg ser kor folket strævar i li
[illegible] ryke der, og på den kjære staden mine eigne heim eg ser
der inne millom heime fjelli våre

## Heimegrendi:

Aa, var eg snögg som tanken, eg jamt slo tilje heim:
So kjælleglad eg stod i tun og stova.
For ingenstad eg trivst som i deg du gamle Seim:
For alt du gav meg vil eg Herren lova!
Og det eg tru forvisst at når livet mitt tek slutt
hjå deg og mine kjære eg skal få anda ut
og i din vesle kyrkjegard få sova!

## Hordaland:

Noreg göymt under blåis låg, lik ei forsigla grav -
Berre ei strime av land ein såg ute mot Vesterhav -
Soli glitra i tind og fonn: Brotsjö storma mot strand: -
Storbreen gret under tidartann og nakle vårt Hordaland

— : —

Visst er du baunbern og grå og årn, vårt eldgamle Hordaland
med Bjørgvin innved din moderbarm, og öyar langs stormjagd strand
Vestanfrå lyttande flud og naust - med merke av tidartann
Villt som eit stormhav du gjeng mot aust - til tykkvite Folgefo !

— : —

Soga ho tagde med åi gjekk og landnåmsmenner deg fann:
Adalsteins draum ei oppfylling fekk du kvist over Odins vann!
Fedrar ei ånd over Eidsvoll sveiv, vann siger i Karlstad
Hordalands menn med sitt livsblod skreiv vårt nyaste sogeblad

— : —

Folket byggjer på tuftene traust: Vinden leikar i skog:
Fiskaren steller med båt og naust: Bonden med hest og plog:
Tjånaren på havbåra, sval og fri: Bjørgvin med Håkon sin Hall
Heimane byggjast frå tid til tid
i hundra, ja tusundtal!